



# Innst. 74 S

(2013–2014)

## Innstilling til Stortinget frå kommunal- og forvaltningskomiteen

Prop. 19 S (2013–2014), kap. 2426 og 5613

### **Innstilling frå kommunal- og forvaltningskomiteen om endringar i statsbudsjettet for 2013 under Nærings- og handelsdepartementet**

Til Stortinget

#### **Samandrag**

I proposisjonen legg Nærings- og handelsdepartementet fram endringsforslag på statsbudsjettet 2013.

#### **Kap. 2426 SIVA SF**

##### ***Post 90 Lån, overslagsløyving***

SIVA SF kan ta opp innlån i statskassa til valfri løpetid og med ein rentesats som svarar til renta på statspapir med same løpetid. Selskapet betaler òg ein låne- og garantiprovisjon på 1 pst. p.a. Avdrag på innlåna blir inntektsført under kap. 5326. SIVA SF har ei innlånsramme på 700 mill. kroner. Ved saldering av budsjettet for 2013 la ein til grunn at SIVA SF ville refinansiere lån på til saman 140 mill. kroner, og dermed ikkje utnytte heile låneramma på 700 mill. kroner. SIVA SF har mellom anna hatt behov for finansiering til si eigeidomsverksemd, og har derfor tatt opp fleire lån enn det som vart lagt til grunn i saldert budsjett for 2013. SIVA SF har no utnytta låneramma fullt ut.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet i proposisjonen framlegg om å auke løyvinga med 120 mill. kroner, frå 140 til 260 mill. kroner.

#### ***IT Fornebu Properties AS***

Det går fram av proposisjonen at staten er største enkelteigar i IT Fornebu Properties AS (ITFP) med 32,6 pst. SIVA Eiendom Holding AS forvaltar eigardelen.

Det går vidare fram av proposisjonen at ITFP hausten 2013 har realisert verdiar gjennom reduksjon av sine eigardelar i bygga som er leigde ut til mellom anna Statoil og andre kunnskapsmiljø. For desse bygga er det etablert eit felles selskap med det børsnoterte selskapet Technopolis OYJ, der ITFP eig 30 pst. og Technopolis eig 70 pst. ITFP AS er forplikta til å ha ein 30 pst. eigardel i 3–5 år.

#### **Kap. 5613 Renter frå SIVA SF**

##### ***Post 80 Renter***

SIVA SF kan ta opp innlån i statskassa til valfri løpetid og med ein rentesats som svarar til renta på statspapir med same løpetid. Som følge av rentestrukturen på statspapira til dei nye låna til SIVA i 2013, er det grunnlag for å redusere renteinntektsløyvinga med 8,2 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet i proposisjonen framlegg om å redusere løyvinga med 8,2 mill. kroner, frå 29,6 til 21,4 mill. kroner.

#### **Merknader frå komiteen**

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Jan Bøhler, Stine Renate Håheim, Stein Erik Lauvås, Helga Pedersen, og Eirik Sivertsen, frå Høgre, Frank J. Jenssen, Mudassar Kapur, Bjørn Lødemel og Ingjerd Schou, frå Framstegspartiet, Mazyar Keshvari og

leiaren Helge André Njåstad, frå Kristeleg Folkeparti, Geir S. Toskedal, frå Senterpartiet, Heidi Greni, frå Venstre, André N. Skjelstad, og frå Sosialistisk Venstreparti, Karin Andersen, handsamar i innstillinga dei kapitla som høyrer inn under

rammeområde 6 Innvandring, regional utvikling og bustad og har ingen merknader.

### Tilråding frå komiteen

Komiteen viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2013 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
2426		SIVA SF	
	90	Lån, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med ..... frå kr 140 000 000 til kr 260 000 000	120 000 000
Inntekter			
5613		Renter frå SIVA SF	
	80	Renter, vert redusert med ..... frå kr 29 600 000 til kr 21 400 000	8 200 000

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 10. desember 2013

**Helge André Njåstad**

leiar og ordførar